

# - Målet er å utsetje alkoholdebuten



**SAMARBEID:** Rektor ved Bø ungdomsskule, John Anton Graff (t.v.), spesialpedagog Oddvar Bjørnestad, Bø-ordførar Olav Kasland og Bø-lensmann Sigrid Dahl vil utsetje alkoholdebuten blant unge.

FOTO: INGEBJØRG BØ

**BØ: «Sterk og klar» er eit handlingsskapande prosjekt der foreldre aktivt medverkar til å utsetje alkoholdebuten blant unge. Bø kan bli pilotkommune i det nasjonale prosjektet.**

**INGEBJØRG BØ**  
ingebjorg.bo@ta.no

- Mykje av prosjektet går på oppdragning og grensesetting, der ein i tett samarbeid med foreldra kurser og motiverer til samarbeid, aktivitetar og samtalar, uttalte spesialpedagog Oddvar Bjørnestad. Mannen som har lang erfaring med unge og rusførebyggjande arbeid og som personleg trenar for mellom andre hand-

ballkeeparen Cecilie Leganger, heldt eit engasjerande føredrag om prosjektet i Bø i går, der ordførar, rektor, rådmann, Navleining og lensmann var tilstade.

- Foreldras rolle og påverknad har utruleg mykje å seie. Dei er førebilete framfor nokon, uttalte Bjørnestad om det målretta prosjektet som starta opp i 1998.

#### UTSETJE DEBUTEN

Åttande, niande og tiande skule-

trinn er utgangspunkt for prosjektet. Foreldra er kursdeltakrar.

- I alderen 13 til 16 år skjer det veldig mykje. Og det er i løpet av desse åra ein i stor grad dannar grunnlaget for seinare alkoholbruk, uttalte Bjørnestad.

Ein som har alkoholdebut som 13-åring vil som 19-åring i snitt ha eit forbruk på 451 ølflasker i året. Dersom ein utset alkoholdebuten til 16 år, vil forbruket til-

liks vere redusert til 193 ølflasker.

- Målet er å utsetje alkoholdebuten. Meir tid og fleire samtalar og aktivitetar mellom foreldre og unge betyr mykje, seier spesialpedagogen.

Ei fersk evaluering av prosjektet har synt at debutalderen blant unge har blitt utsett der prosjektet har vore aktivt. Med sine fem aktive år i Bø er bygda merkt seg ut som ein stad der skuleining,

foreldre og offentlege etatar har vore særslig entusiastiske.

- Me vil ha fleire slike. Eg har veldig trua på Bø, uttalte Bjørnestad og håpar på smitteeffekt til nabokommunane.

I konkurransen med Herøy på Sunnmøre og Sola i Rogaland, er Bø ein av tre kandidatar som konkurrerer om å fronte det nasjonale prosjektet for ei framtidig lokal forankring.

## Svak nedgang i antall asylsøkere

**OSLO (ANB-NTB):** I februar søkte 621 personer om asyl her i landet, en nedgang på 4 prosent fra samme måned i fjor. Somaliere utgjør den største gruppen.

Til nå i år har det kommet 1398 asylsøkere til Norge, viser tallene fra Utledningsdirektoratet (UDI).

#### HALVERT

I februar kom det 159 asylsøkere fra Somalia, en økning på 16 prosent fra februar 2011. Så fulgte personer fra Afghanistan (60) og Eritrea (45). Tallet på søkerne fra Eritrea er nær halvert på ett år.

Blant enslige mindreårige asylsøkere er det flest afgha-

nere. De 31 utgjør om lag halvparten av denne gruppa.

I løpet årets to første måneder kom 75 hviterussiske asylsøkere til Norge. På samme tid i fjor var det kommet én person.

#### FRIVILLIG RETUR

Politiets utlendingsenhet og UDI mener at denne gruppen hovedsakelig kommer for å utnytte ordningen med frivillig retur.

UDI har derfor besluttet å midlertidig stoppe returstøtte til hviterussere som søker asyl og om frivillig retur. De kan imidlertid fortsatt få bistand med selve hjemreisen.



**Møt meg onsdag  
14. mars.  
Ring 32 21 11 00.**  
Lars Haukeland, spesialist i plastikkirurgi.

**Gratis konsultasjon  
i Porsgrunn.**

Teres Medical Group er Norges største sammenslutning av ledende plastikkirurgiske klinikker og private sykehus. Med moderne utstyr og høyt kvalifiserte ansatte tilbyr vi profesjonell vurdering og behandling.

**Bryst • Mageplastikk • Øyelokk  
Ansiktssløft • Nese • Fettfjerning  
Øre • Rynkefjerning**

 **Drammen Private Sykehus**  
Part of Teres Medical Group

Tel: 32 21 11 00 | drammenprivatesykehus.no  
post@drammenprivatesykehus.no  
Ans. lege Lars Haukeland